# Vekeplan for 2. trinn Veke 6

**Beskjedar:**

Det var veldig kjekt å sjå så mange forskjellege hattar og hovudplagg på torsdag føre veke. Elevane var fine og kreative! 😊

Denne veka får elevane heim ny lesebok, Salto 2B. Det er fint om de kan ta bokbind på boka og namn utanpå når den kjem heim og tek godt vare på den. Boka skal alltid være i sekken, vi bruker den mykje på skulen og jobbar med boka stort sett kvar dag.

Til torsdag får elevane eit leseark i lekse med tema «Samefolkets dag». Det er to tekstar på arket, ein kortare og ein lengre tekst. Elevane vel sjølv kva tekst dei vil lese.




**Ha ei fin veke, helsing 2. trinn.** 😊

| **Dette jobbar vi med denne veka:** | |
|---|---|
| **NORSK** | **Teknologi**<br>• Eg bruker biblioteket for å finne bøker eg kan lese i for å auke lesekondisen.<br>• Eg øver vidare på ei funksjonell handskrift.<br>• Eg veit kva ei funksjonell handskrift er.<br>• Eg kan skrive korte beskjedar til andre.<br>• Eg lærar om rotord. Ord kan vere bygde opp av fleire delar. Den viktigste delen av ordet kallar vi for rotord. T.d. U + lykke + leg = ulykkeleg. |
| **MATTE** | Tala til 100<br>• Eg kan telje til 100<br>• Eg kan dele mengder i tiarar og einarar<br>• Eg kan samanlikne ulike mengder<br>• Eg kan ulike talfølgjer<br>• Eg skjøner korleis tabellar og søylediagram heng saman i statistikk. |
| **SOSIALT** | • Eg øver med på å setje ord på ulike kjensler.<br>• Eg støttar vener når dei treng meg. |

| | Til tysdag | Til onsdag | Til torsdag | Til fredag |
|---|---|---|---|---|
| **NORSK** | Les ★ ☽ eller ☀ på s. 24 og 25.<br><br>Svar på 💬 s. 25 i den grøne skriveboka di. | Les ★ ☽ eller ☀ på s. 28 og 29. | Les teksten **«Samefolkets dag».** Du kan velje mellom den korte eller den lengre teksten. | **Skal:** les de to første avsnitta på s. 30.<br>**Kan:** les s. 30. |
| **MATTE** | | | Gjer s. 74 og 75 i Multi øvebok. | |
| **Hugs:** | | | **Levere inn meldemappe, grøn skrivebok og mattebok.** | **Hugs gymsko.** |

